



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Per Arne Fahret
Haneborg alle 51
1463 Fjellhamar

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/6138

Arkiv:

26/186, L42

Vår dato:

04.06.2026

Saksnr.	Utval
164/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
132/26	Kommunestyret

26/186 - Tillatelse til tiltak - Tilbygg fritidsbustad

Tiltak: Tilbygg fritidsbustad

Byggjestad: Gbnr: 26/186

Tiltakshavar: Per Arne Fahret
Haneborg alle 51
1463 Fjellhamar

Ansvarleg søkjar: Per Arne Fahret
Haneborg alle 51
1463 Fjellhamar

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-3 jf. § 20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar næring, plan og byggesak oppføring av tilbygg på gnr. 26, bnr. 186, Murkhøvd 17, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Tilbygget skal påførast same farger og ha så lik stil som mogleg med noverande bygg.
3. Tiltaket skal utførast etter relevante føringar i plan- og bygningsloven, teknisk forskrift og lokale planar.
4. Tilbygget vert ikkje lovleg å ta i bruk før det føreligg mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Dette skjer gjennom eigen søknad.
5. Per Arne Fahre vert registrert som ansvarleg for tiltaket.

Saksopplysninger

Tiltakshavar har sendt inn søknad om tiltak i eit trinn.

Søknaden beskriv oppføring av tilbygg til noverande fritidsbustad på gnr. 26, bnr. 186, Murkhøvd 17.

Eigedomen har arealformål *fritidsbebyggelse* og har eit areal på 1847m², og består av eit fritidsbustad, eit uthus, og ein garasje. Eigedomen har digitalt oppmålte grenser.

Tilbygget er beskriven å få eit bebygd areal (BYA) på 67m² og vil bli ei sidestilt forlenging av dagens fritidsbustad med tak i same retning som taket på noverande bygg.

Arealregnskapet blir:

Tomt:	1847m ²
Noverande fritidsbustad:	136m ²
Uthus:	20m ²
Garasje:	36m ²
Biloppstilling:	18m ²
BYA dagens situasjon:	210m ²
Tilbygg:	67m ²
Sum:	277m ²
Arealutnytting av tomt:	15%

Tiltaket er nabovarsla utan merknader, og det ligg føre samtykke om avstand inntil 1 meter frå nabogrense frå to av naboane som er råka av plassering for tilbygget.

Tiltakshavar har søkt personleg ansvarsrett for alle funksjonar for tiltaket.

Det er føretake DOK-analyse av eigedomen utan treff av betydning for tiltaket.

Vurdering

Eigedomen ligg i område H3 i kommunedelplan for Gravfjellområde.

Eigedomen har frå tidlegare dispensasjon for arealutnytting, og eigedomen har etter vår vurdering avklart arealformål. I dispensasjonsbehandlinga for saka er det konkludert at fritidseigedomen skal behandlast likt med eigedomar som ligg utanom stølsområda og fjellsona. Dispensasjonssaka er behandla 26.07.2018. Vi legg derfor til grunn ei arealutnytting etter føringane i kommunedelplan for Gravfjellområde, som beskriv ei arealutnytting for områda H1- H6 på 15% BYA.

Tilbygget er i same stil og form som noverande fritidsbustad og fell i lag som eit naturleg tilbygg til noverande fritidsbustad. Kravet til biloppstilling er medrekna med ein biloppstillingsplass ute, 18m², og ein som blir ivaretake internt i garasjebygget på eigedomen. Kravet om 2 biloppstillingsplassar (36m²) er dermed ivaretake.

Eigedommen har frå før godkjent privat VA-løysing og gir ingen endring i åtkomst til eigedomen.

Tiltaket er i tiltaksklasse 1, brannklasse 4 og risikoklasse 1.

Med dei vurderingane gjort i saka, og opplysningar gitt i søknaden, er tiltaket vurdert som kurant, og i tråd med intensjon i planen. Tiltaket kan verte godkjent på vilkår.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl	Journaldato
Per Arne Fahre	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	19.05.2026	1	20.05.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert med journaldato 20.05.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

